

## SVELGEN HANDELSLAG



*Svelgen handelslag, ca.1930. Her kan vi også sjå skinnegangane til togbana som frakta slagg til fylling i sjøen.*

I 1923 etablerte tilsette ved a/s Bremanger kraftselskap Svelgen kjøpelag for kjøp og utdeling av varer til eige bruk. Deretter blei Svelgen Handelslag skipa i januar 1928 og hadde eit eige bygg på kaia ved Svelgselva. Bygget var ei eldre brakke som var reven og satt opp igjen på dugnad.



Etter krigen blei det bygd ny butikk på Riseøyra.

Her var det kolonial, bokhandel, gåveforretning, manufaktur, kjøtt og melkeutsal i same bygning.

## BØRNEFABRIKKEN

Ved nye coopenbutikken stod tidlegare eit bustadhus ein kalte for «Børnefabrikken». I huset budde seks familiar.

Det står lite om namnet... men her var det nok flust av ungar...

## «KNALLTUTEN»




Benjamin Pedersen med tilnamnet «Knalltuten», var ein anleggsarbeider frå Mosjøen som blei att i Svelgen etter anleggstida. Han var ein dyktig steinhoggar og sette mange spor etter seg i Svelgen. Blant anna var han med å hogge til og legge muren langs Elvavegen.

Benjamin var ein einstøing, tok seg ei rotbløyte som rallarar flest, men aldri på bekostning av arbeidet sitt.

Han sette seg opp eit lite hus med stakittgjerde og fine plantar. Dette blei etter hans død solgt til Peder O. Rise som seinare satte det opp i Risevatnet.



*Huset til Knalltuten slik det stod i sentrum av Svelgen.*



- |                                     |                             |                                          |                                    |
|-------------------------------------|-----------------------------|------------------------------------------|------------------------------------|
| 1. Historia om Svelgen og Øyratunet | 8. Brakkehaugen             | 15. Hus 4 og 5                           | 22. Fylkeskaia                     |
| 2. Rise bruk 3                      | 9. Nye huset til Peder Rise | 16. Rustadtun                            | 23. Sjøkanten og Kjelkenesbutikken |
| 3. Svelgen skule                    | 10. Bakarhuset              | 17. Hus 8 og Driftstyrarbustaden         | 24. Sandegardane                   |
| 4. Risegardane                      | 11. Risebrua                | 18. Sande og Risesaga                    | 25. Skyssbåtane                    |
| 5. Bustadutvikling                  | 12. Sjukestova              | 19. Elkem Bremanger                      | 26. Realen                         |
| 6. Folkets hus                      | 13. Villabakken             | 20. Samfunnshuset og Gunnar Scheldrup    | 27. Kapellet                       |
| 7. Ungkarsmessa                     | 14. Bakketunet              | 21. Coopen, Børnefabrikken og knalltuten | 28. Avslutning                     |